

Nei til atomvåpen-symbolet

Det har vori skrivi mye om CND-symbolet, som vart eit allment anti-atomvåpen-symbol. Men korleis Nei til atomvåpen sin logo oppstod, er lite kjent. Saka er ikkje så viktig, men eg har likevel nedteikna historia her:

Logoen laga eg på kontoret til Folkereisning mot krig i Göteborggata ein ettermiddag i oktober 1979. Rakettane henta eg frå symbolet til «Campaign against arms trade» i ein annonse i bladet Peace News. NEI-et vart sett med lettraset. Bakgrunnen var at vi dagen etter skulle rykkje inn det første oppropet frå Nei til nye atomvåpen i ei eller fleire dagsaviser, og vi hadde i all hast behov for eit bumerke. Utkastet vart drøfta med Magne Hoem og Rolf Thue, som saman med meg sjølv var dei som hadde teki initiativet til Nei til nye atomvåpen, og som var dei som hausten 1979 dreiv aksjonen framover.

Meir om saga:

Nei til nye atomvåpen, som aksjonen heitte hausten 1979, starta med eit opprop underteikna av 100 personar. Initiativet var teki av Magne Hoem, som på den tida studerte teologi, og meg sjølv, som studerte engelsk hovudfag. Magne og eg hadde arbeidd saman i den tradisjonelle fredsrørsla og også i Aksjon mot nøytronbomba året før, men vi tok initiativet som privatpersonar. Titaket hadde ikkje vore drøfta i fredsorganisasjonane. Vi inviterte med oss Rolf Thue, som var informasjonsleiar i Direktoratet for sivil beredskap, og som eg kjende gjennom artiklar og ein telefonkontakt i samband med arbeidet mitt i Vernepliktsutvalet av 1974. Eg hadde også intervjuja han til FMKs avis Ikkevold om nøytronvåpen i 1978. Vi møttest på kontoret til Norges fredsråd i Keyersgate om kvelden 20. oktober, forfatta oppropet og fekk straks støtte frå seks–sju kjende personar før vi sende teksten vidare til ei større gruppe adressatar frå ulike samfunnsområde med sikte på å samle til saman 100 underskrifter.

Tida var knapp, så underskriftene samla vi inn telefonisk. Det var lett å få støtte, og snart kom det telefoniske støttetilsegner også frå folk vi ikkje hadde kontakta, men som hadde høyrte om initiativet.

Oppropet med dei 100 underskriftene skulle publiserast i ei eller fleire aviser. Og vi hadde bruk for eit symbol, ein logo.

Eg hadde tidlegare arbeidd i Folkereisning mot krig og ringde kontoret deira. Dei hadde lettraset, «klebebokstavar» som vi på den tida brukte for å setje overskrifter. Dei hadde også mange blad frå utanlandske fredsorganisasjonar som kunne gje oss idear til eit symbol. Eg reiste opp til kontoret deira i Göteborggata, såg gjennom ymse blad og fann eit par symbol som kunne danne utgangspunkt for ein logo. Det eine var rakettane i symbolet til «Campaign against arms trade» i bladet «Peace News». Det andre var ein silhuett av ei kvinne som skjerma eit barn mot nokre fallande bomber.

Eg sette bokstavane NEI med lettraset, som eit bolverk mot fire rakettar, tok symbolet med til Keyersgate, der Magne Hoem og Rolf Thue sat og venta. Eg hadde også med silhuetten av kvinna og barnet. Vi var spontant einige om at vi skulle bruke det første symbolet: NEI og rakettane. Det andre var for kjenslelada og høvde også betre som protest mot opprusting og krig med konvensjonelle våpen.

Jon Grepstad

29. desember 2011

